



FRAMSIDA / SPORT / – Trur det blir jamnare i år



Volda sitt 2.divisjonslag 2017-18. Bak frå venstre: Guro B.Liaskar (oppmann), Sara Ø. Dyrhovden, Hanna Ræstad, Elin Ulvestad Sætre, Vanessa Sunde Hoel, Emma Heggen Trosdahl, Thea Imani Sturludottir, Andrine Brandal Dahl, Lone Vik, Ana Correia, Yngvild Røy, Maria Ulla, Halldor Stefan Haraldsson (trenar). Framme frå venstre: Ingrid L.Skarrabekk, Karoline Dyrhol Slenes, Auria Ann Ose, Marte Nornes, Hilde Søyseth, Runa Vik, Anette Berg, Pernille H. Ingebrigtsen, Kine Kvalsund og Romana Cermakova. **Foto: Ove Krumsvik**

– Trur det blir jamnare i år

Volda-trenar Halldor Stefan Haraldsson trur Volda får tøffare motstand i 2. divisjon denne sesongen.

SPORT



Joachim Kroken Åsebø
Mobil: 97663168

Publisert: 01.09 2017 11:30 | Sist oppdatert: 01.09 2017 11:30


Handballdamene til Volda leverte ein god sesong i 2. divisjon i fjor, og enda på 2.-plass. Målet for denne sesongen er å gjere det betre enn i fjor. Søndag er seriestart, og i første kamp møter dei hardtsatsande Utleira.

– Det har vore ei lang oppkøyring, og no er berre spente på å kome i gang. Eg trur at serien i år vert mykje jamnare enn i fjor. Det er fleire lag som satsar og som har fått inn sterke spelarar. Utleira er eitt av desse laga, og i fjor tapte vi begge kampane mot dei. Vi veit at det blir ein tøff kamp for oss. Samtidig så er vi godt trent og godt førebudde. Vonleg vert to poeng i Voldahallen søndag, seier Haraldsson.

Gjennomsnittsalderen på stalle til Volda har blitt lågare sidan i fjor, og trenaren er godt nøgd med stalle.

– Eg er utruleg nøgd med spelarstalle. I år er stalle litt yngre og det er unge

DETTE VERT LEST NO:



– Vil bruke hamneavgift

spelarar som får meir ansvar i år. I tillegg har vi ein del spelarar på sidelina med skader. Vanessa Sunde Hoel, Andrine Brandal Dahl og Auria Ann Ose er framleis ute, og desse vil styrke oss etter kvart.

Målsettinga for Volda denne sesongen er å gjere det betre enn i fjor.

– Vi kom på 2.-plass i fjor, og skal vi gjere det betre er det berre ein veg å gå. Vi veit at det fire til fem andre lag som også satsar på opprykk. Alle kan vere nummer ein. Vi må vere litt heldige og godt trent for at det skal få vår veg, men eg har god tru på at vi kan nå målsettinga.

Volda har eit mål om å vere eit regionslag, og dei føler at dei byrjar å nærme seg den målsettinga.

– Tidlegare var det spelarar frå Volda og Ørsta i tillegg til utlendingar som utgjorde spelarstallen. No er det spelarar frå heile regionen. Det har blitt mindre utlendingar og vi har blitt meir eit regionslag, seier leiar Arild Bakke i Volda handball.

Haraldsson understrekar at Voldahallen med god støtte frå heimepublikummet vert viktig også denne sesongen.

– Heimebana vår er utruleg viktig for oss. I fjor tapte vi berre ein kamp i serien på heimebane. Alle dei andre laga må reise langt, og møter dei då i tillegg 3–400 publikummarar kan det bli tungt. Det er viktig at publikum stiller opp på søndag og heier på jentene. Eg tykkjer at dei fortener det ut frå innsatsen dei har lagt ned i oppkøyinga.



Del

Meir å lese på Møre-Nytt:



Sigra i Ørstahallen



- Supermann frå Moltustranda



Tre kjappe Ørsta-mål avgjorde lokaloppgjeret

Møre-Nytt ynskjer ein open og sakleg debatt. Alle innlegg vert kontrollerte etter publisering. Innlegg kan verte forkorta, redigerte eller fjerna. Det fulle namnet ditt må anten gå fram av e-postadressa, brukarnamnet eller Facebook-profilen din.



Fem vil bli kokk på Hjørundfjordheimen



Sigra i Ørstahallen



Fekk prestisjevertv **Opprykk for Holen Bjørdal**

Fredric Holen Bjørdal, stortingsrepresentant frå Ørsta, kjem inn i den tunge Finanskomiteen, og går inn i leiinga av i stortingsgruppa.

Les meir



– Kommunane skal få uttale seg

Søknad om grensejustering for Bjørke er sendt til departementet. **Les meir**



Ho blir ny barnevernssjef



– Vil bruke hamneavgift

– Dersom Ørsta Sjøbad vert realisert, skal det finansierast med hamneavgift. **Les meir**



Fem vil bli kokk på Hjørundfjordheimen



for abonnentar

Byggjer ny utstillingsplass

Førebuingane til realiseringa av fleirbrukshallen i gang for fullt. **Les meir**



Ivar Aasen-hotellet Ho har blitt ny hotelldirektør

Ny hotelldirektør lovar å satse på innbyggjarane i Ørsta. **Les meir**



Åmdalskoret og Pitsj

Pitsj- ei av Noregs og Nordens leiande vokalgrupper, deler scene med Åmdalskoret berre damer på kulturhuset tysdag kveld. **Les meir**



Filma ferjekrasjet

Fjord1-ferja Goma krasja med kaia på Sæbø i formiddag. **Les meir**



for abonnentar

Fekk trøbbel i Sæbøvika Såg ferja glide i land

– Det gjekk sakte, men vi såg at ferja ikkje ville greie å stoppe før ho krasja med kaia, fortel bussjåfør Bjørn Egil Sæterbakken til Møre-Nytt. **Les meir**

Møre-Nytt

Ansvarleg redaktør

[Svein Aam](#)

Redaksjon

redaksjon@morenytt.no

TIPS OSS 70 04 19 00

Tips oss!

Tipstelefon: 70 04 19 00

Faks: 70 04 19 01

E-post: redaksjon@morenytt.no

Annonseinfo

annonse@morenytt.no

Abonnementsinfo

abonnement@morenytt.no

KUNDESENTER

Kundeservice

Telefon: 70 04 19 00

E-post: abonnement@morenytt.no

Opningstider i ekspedisjonen: Kl. 10-14, måndag til fredag

Møre-Nytt

Postboks 144, 6151 Ørsta

Telefon: 70 04 19 00

Faks: 70 04 19 01

Møre-Nytt arbeider etter Ver Varsam-plakaten sine reglar for god presseskikk. Sjå også Redaktøransvar. Møre-Nytt har ikkje ansvar for innhald på eksterne nettsider som det vert lenka til. [Informasjon om bruk av «cookies» og personvernpolicy.](#) Alt innhald er opphavsrettsleg beskytta 2016 ©

Møre-Nytt. Powered by Escenic.